



Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sissel Hol, 71 25 84 49

Høyringsuttale Hareid kommune - formannskapet si innstilling til årsbudsjett og økonomiplan 2026-2029

Vi viser til innstillinga frå formannskapet, i sak 142/25 den 24. november, om årsbudsjett og økonomiplan for 2026-2029. Statsforvaltaren skal følgje opp kommunar som er i ROBEK og eit av tiltaka er å gi høyringsuttale til formannskapet sin budsjettinnstilling til årsbudsjett som er lagt ut til alminneleg ettersyn.

Særs alvorleg økonomisk situasjon

Hareid kommune har dei siste åra gått med store meirforbruk. I 2023 var meirforbruket på 36 millionar, i 2024 vaks det til 70,4 millionar og for 2025 blir det mest sannsynleg eit meirforbruk på om lag 23 millionar kroner. Det samla meirforbruket vil vere oppe i om lag 130 millionar kroner.

Kommunedirektøren la fram eit budsjett i balanse. Det inneheldt fleire tiltak som skulle få opp inntektene og få ned driftsutgiftene. Dette vart ikkje vedteke i formannskapet. I staden vart det tatt inn andre driftstiltak på om lag 9 millionar kroner for å redusere utgiftene. Statsforvaltaren meiner at i ein så alvorleg økonomisk situasjon som Hareid finn seg i, så er det ikkje sett i verk nok tiltak for å auke inntektene og redusere utgiftene. Dermed får ein ikkje den effekten som trengst for drifta og for å betale ned meirforbruket raskare.

Det er eit grunnleggande krav i kommunelova at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivareteken over tid. I det ligg det at kommunestyre skal sørge for ei langsiktig økonomiforvaltning som er berekraftig over tid. Budsjett og økonomiplan skal vere realistiske og i balanse. Balansekravet støttar opp om statens rammestyling av aktivitetsnivået i kommunane. Kommunen skal tilpasse aktivitetsnivået til inntekstrammene. Gjeld skal forvaltast på ein måte som ikkje inneber ein finansiell risiko.

Økonomien til Hareid har ikkje blitt forvalta på ein slik måte dei siste åra. Driftsutgiftene har vært langt større enn inntektene over tid utan tilstrekkelege naudsynte grep har blitt tekne.



Budsjettet for 2026 viser at Hareid har store økonomiske utfordringar. Budsjett og økonomiplan er svært stramt. Det er viktig at kommunen har god kontroll på utgiftssida dei neste åra, da økonomien er ekstra sårbar for negative uforsette hendingar som ein følge av at ein økonomisk buffer ikkje er på plass. Sjølv om det er planlagt tiltak for å få ned driftsutgiftene, så må Hareid ta større grep for å få balanse mellom inntekter og utgifter, samt kome godt i gang med å nedbetale meirforbruk frå tidlegare år.

Statsforvaltaren vil peike på at det først og fremst er kommunestyret som gjennom sitt vedtak har ansvar for at budsjett og økonomiplan oppfyller kravet om realisme. Realismekravet inneber at postane i budsjettet skal vere ført opp ut frå det som sannsynleg kan forventast av inntekter og utgifter gjennom året. Eit realistisk budsjett inneber at budsjettpostane verken er over- eller underbudsjettet. Vi ser at det mellom anna ligg inne ei forventning om framtidig inntekt av skjønnsmidlar for 2026 på 2,5 millionar. Dette er ikkje realistisk og må takast ut. Skjønnsmidlar er ei usikker inntekt og kan endre seg frå år til år ut i frå vurderingar som ligg til grunn.

Det er etter Statsforvaltaren si vurdering ein stor risiko for at kombinasjonen av høg lånegjeld og lite økonomisk handlingsrom kan føre til at kommunen ikkje vil klare å handtere gjelda på kort og lengre sikt, utan at det får større konsekvensar for tenestetilbodet for noverande og framtidige innbyggjarar. Ei slik økonomiforvaltning er ikkje i samsvar med kommunelova sine grunnleggjande krav om at den økonomiske handleevna skal bli ivareteken over tid.

Tiltaksplan og forlenga inndekkingstid

Kommunen kan berre nytte seg av moglegheita til forlenga inndekningstid dersom det vil få urimeleg store samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar å gjere det innan fire år.

Kravet er strengt, og det skal berre gjevast unntak frå hovudregelen om fire års inndekning i særlege tilfelle.

Manglande vilje til å endre tenestetilbodet eller å ta i bruk inntekspotensialet til kommunen er ikkje nok til å få forlenga inndekningstid.

Før kommunestyret kan vedta forlenga inndekning, må kommunen vise og grunngje at vilkåret er oppfylt. Det betyr å forklare kvifor konsekvensane av å dekkje meirforbruket innan fire år vil vere urimeleg store.

Vedtaket må innehalde ein konkret plan. Planen skal vise kor mange år inndekninga skal gå over, og kor mykje som skal dekkjast kvart år. Planen kan ikkje vere tidlaus eller utydeleg, og han kan ikkje vere lengre enn nødvendig.

Perioden bør vere så kort som mogleg. Dei største delane av meirforbruket bør dekkjast tidleg i perioden, ikkje mot slutten.

Ordninga med forlenga inndekningstid skal ikkje brukast til å skyve økonomiske problem framover og leggje byrder på framtidige kommunestyre og innbyggjarar.



Oppsummert

Hareid kommune er i ein særleg alvorleg økonomisk situasjon som har fått fortsette over tid utan at store nok grep har blitt tekne. Kommunen står føre krevjande år før økonomien er stabilisert.

Omstillingsarbeid innanfor alle sektorar må halde fram for å få ein berekraftig økonomi. Utgiftene kan ikkje fortsette å vere høgare enn inntektene. Det vil vere heilt avgjerande for at Hareid kommune skal kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet til innbyggjarane både på kort og lang sikt.

Det er eit grunnleggande krav i kommunelova at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handlevna blir ivareteken over tid. Budsjett og økonomiplan skal vere realistiske og i balanse. Gjeld skal forvaltast på ein måte som ikkje inneber ein finansiell risiko. Økonomien til Hareid har ikkje blitt forvalta i hht Kommunelova dei siste åra.

Realismekravet vil vere eit sentralt element når Statsforvaltaren gjer lovlegkontrollen av budsjettet. Likedan vil det bli ei streng vurdering av tiltaksplana kommunestyre vedtek (plan for nedbetaling av underskot) kor vi må sjå om det er tilstrekkeleg vilje til omstilling, til å snu alle steinar og til å ta ut inntektpotensiale i kommunen.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Sissel Hol
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent